

**Uskedalens største verksemd Eidsvik Skipsbyggeri er sikra full sysselsetting med 75 mann i lang tid framover . Verftet har fått ein storordre som består av kontrakt på utrustning av ein kombinert snurpar og trålar og opsjon på ein båt nummer 2, Samla sum for dei to båtane ligg truleg på 340 millionar kroner.**

- Vi har arbeidd med dette prosjektet lenge, seier ein glad Svein Arne Eidsvik til uskedalen.no Eidsvik har lenge hatt ei utfordrande tid.og Eidsvik berømmar staben for ein fantastisk lojalitet såvel i medgang som i motgang,

Det er reiarlaget Liegruppen Fiskeri AS på Sotra som er oppdragsgjevar og skroget er under byggjing ved Western Baltija Shipyard i Litauen, Det kjem til Uskedalen i første veka av februar og båten skal leverast ferdig i august. Så startar eventuelt utrustninga av den andre båten som skal vera ferdig i januar 2013. Eidsvik har lenge hatt tett samband med dette reiarlaget som held til på Straume.

Båten blir 64 meter lang og 14 meter brei og får innreiing og lugarar for 14 mann. Den får smekre linjer og det er Wartsila Ship Design Norway på Fitjar som har ansvaret for design. Nybygget er prosjektert med tanke på god framdrift og dieselforbruk og utrusta med katalysatorar for reduksjon av NOX-utslepp, opplysar Svein Arne Eidsvik.

Av Ola Matti Mathisen